

SPILDATVEITA OG NYATRÆET (TVEITI)

Høgde over havet: ca .450 m

Tid: ca. 1,5 time ein veg

Gradering: Lett

Lengd:3 km

Stigning: 352m

Vegskildring: Turen startar på Spildo i Øvre Granvin. Ta av frå RV 13 i Øvre Granvin mot Skjervet og køyr ca. 1. km og ta av til Spildo. Køyr til høgre mot sandtaket. Dersom du vil gå heile Bakkavegen, kan du parkera bilen i sandtaket. Traktorvegen Spildo – Spildatveite er om lag 2,5km. Dei to første kilometrane er vegen bratt - når du kjem på toppen av Bakkavegen er det eit flatare terreng innover.

Når de kjem til brua over elva mot Nyatræe tek de vegen til venstre som går langs elva oppover. Det står Tveiti på eit skilt her. Her er det ei grind de må gjennom. Vegen svingar seg oppover træet til de kjem til første selet på høgre side – her skal de ta til høgre gjennom ei grind og då ser de bort til selet der postkassa er plassert.

Turtips! Fortsett du på vegen vidare frå Tveiti kjem du til Skeisete og til Diket, og gangvegen som går vidare til Aunaset og Fagnastøl. Ved Diket går stien til Aunaset på venstre sia oppover elva og Fagnastøl er til høgre over elva.

GOD TUR!